

## Sommarstengt på SFO

Eg vil med dette spør om de kan dette opp i FAU som sak. Som kjent har Høyanger skule sin SFO sommarstengt i heile juli månad, noko som har vore praktisert i fleire år. Det er vel og kjent at for mange foreldre er dette ein vanskeleg, om ikkje umogeleg, kabal å løyse med tanke på at foreldre er i arbeid.

For å nytte meg sjølv som døme: aleineforsørgjar for to born. Med dagens ordning på SFO med sommarstengt heile juli er eg tvungen til å ta 20 av 25 feriedagar akkurat då. Utanom sommarferien så har borna har i tillegg også haustferie, juleferie, vinterferie, påskeferie, elevfrie dagar og planleggingsdagar på totalt 83 dagar i skuleåret 22/23.

Desse 83 dagane gjennom heile året har eg som vaksen og tilsett i 100 % jobb altså 25 feriedagar å disponere saman med borna. I 26 av desse 83 fridagane til borna er SFO opent og 47 av desse er SFO ikkje opent.

Ferie –og fridagar i skuleåret 2022/2023:

	Forelder	Born	SFO open	SFO stengt
<b>Feriedagar sommar</b>	25	44		X
<b>Feriedagar ellers</b>		20	X	
<b>Heilagdagar</b>	10	10		X
<b>Planleggingsdagar</b>		3		X
<b>Elevfrie dagar</b>		6	X	
<b>SUM</b>	35	83		

Det seier seg sjølv at dette ikkje går opp. For å kunne vere til stades for borna på ein god måte skulle ein gjerne også hatt noko ferie med dei alle dei andre gongane borna har ferie, men ikkje forelderen - iallfall i jula. Sommarmånaden juli er det tidsrommet er då alle prisar på sommaraktivitetar, overnatting, reiser med meir er på det dyraste. Dette meiner eg er med på å auke sosiale skilnader i kommunen. Eg tvilar på det er berre meg, eller andre aleineforeldre som opplev juli som krevjande logistikk messig. Ein er avhengig å ha familie til å stille opp, eller andre til å passe borna. Ikkje alle har det. Eller ein er avhengig å ha ein arbeidsgjevar som forstår utfordringane og kan gje rom for alternative måtar å jobbe på. Dette er det langt i frå alle typar arbeid som let seg gjere, til dømes i skiftordningar innan helse, industri eller handel.

For ikkje å misforstå, eg meiner at borna skal ha ferie også frå SFO, men at det må kunne vere opp til foreldre å finne tida som passar best for familien. I familiar med to foreldre vert det to arbeidsgjevarar og SFO som skal tilpasse kor tid det er mogleg for ein familie å ha ferie saman. Ofte vert det slik i denne type familie at barnet/borna har ein av foreldrene heime. Dette fungerer heilt fint, men dersom ein skal reise vekk er det kjekkast om begge foreldre kan vere med. Slik det praktiserast i barnehagane med at barnet skal ha fri tre veker i løpet av sommaren (mellom gitte datoar) er ei løysing som er meir familievennleg.

Høyanger kommune ligg over gjennomsnittet både i fylket og i landet på andel aleineforsørgjarar. Høyanger har også ein stor del barnefattigdom. Dette kan ein lese om i grunnlagsdokumentet som ligg på heimesida til Høyanger kommune.

Ironisk nok gjeld dette borna i aldersgruppa som har behov for barnetilsyn, derav SFO (skulefritidsordning) då dei er for unge til å vere aleine over lenger tid. SFO er for born i 1.-4. klasse,

etter den tid er ikkje denne utfordringa til stades lenger. Skal det verkeleg vere slik at i 3-4 år skal kommunen/SFO bestemme kor tid familien skal ha ferie? Vi er ikkje nøydt å ha det slik. Andre kommunar har valt det annleis.

- Gulen kommune – har ope ved påmelding etter behov
- Sunnfjord kommune – sommarstengt i juli men har påmelding til «sommarferietilbod»
- Årdal kommune – har stengt veke 29 og 30

Ber om at FAU tek opp dette i rette fora, med mål om å ha open SFO i juli for dei som treng det.

Janne Kristin Bøyum – tlf. 90608517  
10.01.2023